

Helle Bang-Olsen

Korleis handterer ein norsk skule indirekte mobbing?

LGU53002 Pedagogikk og elevkunnskap 4

Bacheloroppgåve i Grunnskulelærerrutdanning 5-10.trinn med matematikk

Veileder: Irene Haslund og Øyvind Soltun Andreassen

Mai 2019

Samandrag

I denne oppgåva undersøker eg indirekte mobbing i ein skule. Eg undersøker dette gjennom bruk av kvalitative intervju. Eg har valt å intervju fem informantar frå ein skule.

Informantane mine er tre lærarar, spesialrådgivaren og rektoren på skulen. Problemstillinga mi er som følgjer: «*Korleis handterer ein norsk skule indirekte mobbing?*».

Teorien som eg brukar handlar i hovudsak om omgrepet indirekte mobbing, system for å førebygge indirekte mobbing i skulen og ulike metodar ein kan bruke for å handtere indirekte mobbing på. Teorien hentar eg frå forskere som blant anna Erlend Moen, Erling Roland, Kari Myklebust, og Tove Flack. Eg har slått saman analyse og drøfting i eit kapittel. Analysen min framstiller funna frå intervju. Drøftinga tar utgangspunkt i samanlikning mellom relevant teori om indirekte mobbing og datamaterialet mitt. Noko av dei mest interessante funn i oppgåva var at skulen ikkje skil mellom direkte og indirekte mobbing. Skulen deltek ikkje i eit antimobbeprogram, og har heller ingen spesielle system for å førebygge indirekte mobbing. Likevel arbeider skulen kontinuerleg med førebygging gjennom tiltak som læringsmiljø, klasseleiing og skape gode relasjonar med elevane. Metodane som informantane mine bruker for å handtere indirekte mobbing har ikkje bakgrunn i noko spesielt system for handtering av indirekte mobbing. Sjølv om skulen ikkje brukar noko system for å førebygge eller handtere indirekte mobbing på, er det mykje likt mellom skulen sine metodar, og det teorien på feltet påpeikar.

Summary

In this assignment I will examine indirect bullying in a chosen school. I will examine this through using qualitative interviews. I have chosen to interview five informants from the same school, who are three teachers, the special advisor and the principal at the school. My thesis question is: “How does a Norwegian school handle indirect bullying?”.

The theory I will be using is mainly about the term indirect bullying, the system for preventing indirect bullying in the school, and various methods that can be used to handle indirect bullying. The theory is from scientist as Erlend Moen, Erling Roland, Kari Myklebust, and Tove Flack. I have combined analysis and discussion in one chapter. My analysis presents my findings from the interviews. The discussion is based on a comparison between relevant theory of indirect bullying and my data material. Some of the most interesting findings from this assignment is that the school does not distinguish between direct bullying and indirect bullying. The school does not participate in any anti-bullying program, nor does it have any special system for preventing indirect bullying. Nevertheless, the school is continuously working on preventing indirect bullying through focusing on the learning environment, classroom management and creating good relations with the students. The methods that my informants use to handle indirect bullying have no background in any particular system for dealing with indirect bullying. Still, there are many similarities between the school’s methods and what the theory emphasizes.

Innholdsfortegnelse

1 Innleiing	3
1.1 Bakgrunn for val av tema.....	3
1.2 Problemstilling.....	4
1.3 Strukturen i oppgåva.....	4
2. Teori	5
2.1 Korleis blir indirekte mobbing omtalt i skulen.....	5
2.2 Førebygging av indirekte mobbing.....	6
2.3 Handtering av indirekte mobbing.....	8
3. Metode	10
3.1 Val av metode.....	10
3.2 Utval.....	11
3.3 Kvalitative intervjuer.....	11
3.4 Analyse av intervjumateriale.....	12
3.5 Etikk.....	12
3.6 Validitet og reliabilitet.....	12
4. Analyse og drøfting	13
4.1 Korleis blir indirekte mobbing omtalt i skulen.....	14
4.1.1 Analyse.....	14
4.1.2 Drøfting.....	15
4.1.3 Oppsummering.....	16
4.2 Førebygging av indirekte mobbing.....	16
4.2.1 Analyse.....	16
4.2.2 Drøfting.....	18
4.2.3 Oppsummering.....	19
4.3 Handtering av indirekte mobbing.....	19
4.3.1 Analyse.....	20
4.3.2 Drøfting.....	21
4.3.3 Oppsummering.....	22
5. Avslutning	23
6. Litteraturliste	25
7. Vedlegg	27
7.1 Vedlegg 1- Samtykkeskjema.....	27
7.2 Vedlegg 2- Intervjumal.....	28

1 Innleiing

I eit godt skulemiljø blir det arbeida aktivt mot mobbing. Mobbing er ei viktig sak. Mobbing påverkar arbeidsmiljøet, læringsmiljøet og trivsel. Fenomenet er hyppig omtalt i media. Media omtaler ulike sider av mobbing. Dei trekk ofte fram historier der mobbing har hatt konsekvensar for elevane, til dømes psykiske utfordringar i etterkant. Kvart år gjennomfører Utdanningsdirektoratet (2019a) ein elevundersøkinga, der elevane får si sin meining om lærings og trivsel i skulen. Resultata frå 2018 viser at 7,1% av elevane i 10 trinn opplever å bli mobba på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Nyleg publiserte NRK ei sak skreve av Ragnhild Moen Holø (2019) som omhandlar ei 18 år gamal jente som blei mobba i ni år på barne- og ungdomsskulen. Skulen definerte situasjonen som ein konflikt. Som følge av mobbinga har jenta fått posttraumatisk stresslidning. I erstatning må kommunen betale rundt 1,2 millionar til mobbeofferet. Større debatt rundt mobbing fører til at deler av skulepolitikken har blitt endra. Mellom anna er det blitt innført ei klarare aktivitetsplikt, i 2017. I Opplæringslova (1998) står at denne plikta er til for å sørge for at elevane får eit trygt og godt psykososialt skulemiljø. Dersom det er mistanke om at nokon elevar ikkje har bra, må skulen sørgje for å handtere det (Opplæringslova, 1998, § 9 A-4). Regjeringa understreker og behovet for å redusere mobbing i skulen. I statsbudsjettet for 2019 skal regjeringa bruke 115 millionar kroner kampen mot mobbing, og for eit godt læringsmiljø (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 19).

1.1 Bakgrunn for val av tema

Mobbing er med på å påverke trivselen og læringa til elevane, og det kan føre til store konsekvensar for både mobbar og mobbeoffer. I eit klasserom vil det av og til oppstå konflikhtar, krenkelsar og trakassering av ulik form. Som framtidig lærar er det viktig å ha kjennskap til dei ulike formane av mobbing, og vil kunne føre til ein større forståing for korleis eg som lærar skal handtere situasjonane. I denne oppgåva ynskjer eg å fokusere på indirekte mobbing. Ein sentral forskar på mobbing er Erlend Moen. Han beskriv indirekte mobbing slik: «Den indirekte mobbingen skjer bak offerets rygg og inneholder blant annet ryktespredning, baksnakking og ekskludering» (Moen, 2015, s. 18). Indirekte mobbing er konstruert på ein slik måte at den er vanskeligare å oppdage, enn dei meir tradisjonelle formane for mobbing. Difor er det viktig å fokusere meir på det, så kan ein klare å fange det meir opp. Eg er nyfiken på korleis skulen taklar dette.

1.2 Problemstilling

Då eg byrja å leite etter relevant litteratur på feltet indirekte mobbing, forstod eg at det er eit omfattande tema. Eg vurderte om eg skulle fokusere på konsekvensar indirekte mobbing har for elevar, eller om eg skulle fokusere på skulen si handtering av mobbing. For å avgrense oppgåva har eg valt å ikkje ta med konsekvensar av indirekte mobbing. Handtering av indirekte mobbing blir utført av lærarar og leiinga ved skulen. Med denne vinklinga vel eg å ikkje fokusere på elevane sine erfaringar. Problemstillinga eg har valt er: «*Korleis handterer ein norsk skule indirekte mobbing?*»

Eg har gjort eit utval av teoriar som eg oppfattar som representative for oppgåva mi. Eg har valt å ta utgangspunkt i teoriar som seier noko om korleis skulen forstår omgrepet indirekte mobbing, førebygging og handtering av indirekte mobbing.

Eg vil undersøke korleis erfaringar informantane ved ein skule har med indirekte mobbing. Skil skulen mellom ulike typar av mobbing? Korleis beskriv dei omgrepet indirekte mobbing? Sjølv om oppgåva har fokus på handteringa av indirekte mobbing, stiller eg spørsmål ved skulen si førebygging av indirekte mobbing. Førebygging av indirekte mobbing er relevant for oppgåva, fordi den er ein del av handteringa av indirekte mobbing. Eg vil finne ut om skulen brukar ein spesiell metode for å handtere indirekte mobbing på, eller om kvar enkelt informant handlar ut i frå kva dei tykkjer er rett. Resultata frå elevundersøkinga frå 2018, viser at skulen eg skal undersøke på opplever meir mobbing enn landsgjennomsnittet. 11,8% av elevane i 10.trinn opplever å bli mobba 2-3 gonger i månaden eller meir. I undersøkinga mi har eg valt å bruke kvalitative intervju. Etter mitt syn er dette den beste måten å belyse problemstillinga mi på. Med ein slik tilnærming ynskjer eg å få ei breiare forståing av korleis ein skule handterer indirekte mobbing.

1.3 Struktura i oppgåva

Først vil eg presentere relevant teori i kapittel 2. Teorien består av omgrepsforklaringar på mobbing og indirekte mobbing, førebygging av indirekte mobbing og ulike måtar ein kan handtere indirekte mobbing på. I kapittel 3 vil eg vise til metode, der eg vil forklare korleis eg har samla inn og behandla datamaterialet mitt. Vidare vil eg i kapittel 4 først analysere funna mine, og deretter drøfte funna opp mot teori frå kapittel 2. Avslutningsvis vil eg i kapittel 5 ta opp nokre drøftingar og deretter oppsummere og konkludere.

2. Teori

I dette kapittelet vil eg først presentere relevant teori om indirekte mobbing. Vidare vil eg vise til teori som omhandlar førebygging av indirekte mobbing i skulen. Til slutt vil eg presentere ulike måtar ein kan handtere den indirekte mobbinga på. Val av teori er basert på problemstillinga mi. Desse teoriane vil eg bruke som utgangspunkt for den seinare drøftinga av datamaterialet mitt.

2.1 Korleis blir indirekte mobbing omtalt i skulen

Mobbing har lenge vore eit sentralt tema i norsk skule. Det er mange forskarar som prøver å finne ut kva som er grunnen til at mobbinga oppstår, og kva tiltak som må setjast i verk for å hindre mobbinga. Nokre felles kjenneteikn på mobbing er: «negative handlinger fra en eller flere mot mobbeofferet, systematikken i adferden og ubalanse i det styrkeforholdet som blir relevant i den aktuelle situasjonen. Disse handlingene kan imidlertid være av ulik type selv om grunnmønsteret er det samme» (Roland, 2014, s. 24). Desse tre kjenneteikna for mobbing er i stor grad akseptert både av nasjonale og internasjonale forskarar. Døme på det første punktet, negative handlingar, kan vere erting, plaging, fysisk vold og kommentarar. Det andre kjenneteiknet for mobbing er fleire hendingar over ein viss tidsperiode, systematikken i adferda. Det tredje og siste kjenneteiknet på mobbing er ubalanse i styrkeforholdet. Det vil seie at det er ein maktforskjell mellom dei som mobbar og mobbeofferet. Mobbeofferet klarar ikkje å forsvare seg i situasjonen, det kan gjelde både fysisk og sosialt (Roland, 2014).

To typar mobbing

Ein vanleg inndeling av mobbing er å dele inn i direkte og indirekte form for mobbing (Moen, 2015 ; Myklebust, 2015 ; Olweus, 2003). Direkte mobbing er den fysiske mobbinga, der angrepet på mobbeofferet er meir opent , som til dømes vold. Forskaren Kari Myklebust (2015) gir desse døme på direkte mobbing : «*Direkte mobbing* kan blant annet gi uttrykk i spark, slag, lugging, skjellsord og nedsettande kommentar» (s.12). Denne mobbeforma er meir synleg enn indirekte mobbing, som gjer det lettare å fange det opp. Indirekte mobbing er den mobbinga som er meir skjult, og vanskelegare å fange opp (Moen, 2015; Myklebust, 2015; Olweus, 2003).

Indirekte mobbing

Nokre døme på indirekte mobbing er «Uttestenging, isolering, latterliggjøring, baksnakking,

ryktespredning og digital mobbing kommer inn under det vi definerer som *indirekte mobbing*» (Myklebust, 2015, s. 12). Indirekte mobbing er vanskelegare for lærarar å oppdage, verkemidla som brukast ved indirekte mobbing er meir skjult (Myklebust, 2015). Digital mobbing er mobbing som føregår på digitale mediar. Digital mobbing skil seg frå dei meir tradisjonelle mobbetypane, ved at ein ikkje treng å vere ansikt til ansikt mellom mobbaren og mobbeofferet (Samnøen, 2014).

Myklebust (2015) hevdar at sosial status og vennsksapsrelasjonar har ein nær samanheng med indirekte mobbing. Spesielt for jenter er det viktig å bli beundra av dei andre venninnene. Usikkerheit rundt tap av sosial status og misunning på andre i venneflokket kan medføre ulike typar av skjult mobbing. Som til dømes utestenging og ryktespreiing. Christian Wendelborg (2019) påpeikar og i analysen av elevundersøkinga om mobbing og arbeidsro frå 2018, at jenter blir meir utsatt for indirekte mobbeformer som baksnakking og utestenging. Sjølv om Myklebust (2015) assosierer jenter med skjult mobbing, påpeikar ho og at gutane både brukar og opplever skjult mobbing. Den skjulte mobbinga er konstruert for å vere vanskeleg å oppdage, ofte brukar mobbarane mykje ressursar på å skjule dei negative handlingane sine.

2.2 Førebygging av indirekte mobbing

Handlingsplan

Helle Høiby (2002) påpeikar at det er viktig av å ha ein etablert mobbepolitikk i skulen. Det er avgjerande at skulen har ein god handlingsplan mot mobbing, som alle ansatte ved skulen har god kjennskap til. Denne planen skal innehalde konkrete steg for korleis skulen skal handtere mobbing. I tillegg skal planen beskrive korleis lærarane kan førebygge mobbing.

Opplæringslova 9a

Elevane sin trivsel på skulen er viktig for skulemiljøet. Dette er nedfelt i opplæringslova som ein finn på regjeringa si nettside. Under kapittel 9 A *.Elevane sitt skulemiljø* står det blant anna: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring» (Opplæringslova, 1998, § 9 A-2). Eit godt skulemiljø arbeider aktivt i mot mobbing. Vidare står det «Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering» (Opplæringslova, 1998, § 9 A-3). Skulen skal ikkje tolerere nokon form for krenking, og skal gripe inn med ein gong (Opplæringslova, 1998, § 9 A-4). For å sørge for at

elevane får eit bra skulemiljø, eit skulemiljø som både er trygt og godt, har regjeringa innført aktivitetsplikt i skulen.

Antimobbeprogram

I dag finnes det ei rekke program for å førebygge mobbing i skulen. Antimobbeprogramma skal bidra med eit betre læringsmiljø, som vil minske mobbinga i skulen. Olweus-programmet, Respekt, ZERO og PALS er fire av dei mest brukte antimobbeprogramma i Noreg (Moen, 2015).

NOVA har utført ein undersøking for å vurdere kvaliteten på dei fire antimobbeprogramma Olweus-programmet, Respekt, ZERO og PALS, og korleis skulane bruker programma. I rapporten kjem det fram at lærarane tykkjer indirekte mobbing, utfrysing og nettmobbing var noko av dei vanskelegaste situasjonane å oppdage og handtere. Vidare viser rapporten at lærarane var stort sett nøgd med programma sine handteringar av desse utfordringane (Eriksen, Hegna, Bakken & Lyng, 2014). Indirekte mobbing er ikkje særleg vurdert i rapporten, berre omgrepet i sin heilskap.

Forskaren Erlend Moen (2015) påpeikar at skulane ikkje nødvendigvis treng eit program for å førebygge mobbing i skulen: «En skole som har gode systemer for arbeid med læringsmiljøet til elevene, og generell «orden i sakene», vil ha mindre mobbing enn andre skoler uavhengig av om skolen bruker et program eller ikke» (s. 137). Det viktigaste for førebygginga av mobbing er at skulen har eit system som fungerer og som byggjer på læringsmiljøet til elevane.

Lærarrolla og sosialt førebyggjande arbeid

Klassemiljøet, klasseleing og gode relasjonar mellom lærar og elev er faktorar som er med å påverke mobbinga (Alberti-Espenes, 2012 ; Moen, 2015 ; Myklebust 2015 ; Roland, 2014). Som lærar er det viktig å oppretthalde eit bra klassemiljø, difor er det relevant at læraren jamleg pratar med elevane om korleis miljø ein vil ha i klassa. Elevane har godt av klare reglar på korleis ein skal oppføre seg. Kvar klasse bør utforme klassereglar, der elevane får medbestemmelse. Eit par av desse reglane bør handle om mobbing (Myklebust, 2015). God klasseleing inkluderar fire kvalitetar: Vise omsorg for den enkelte elev, gjennomføring av undervisning og organisering, halde kontrollen og dersom nødvendig gripe inn i situasjonar (Roland, 2014, s. 67). Ein sentral del av det førebyggjande arbeidet er å sjå kvar enkelt elev,

bli kjent med dei, og vise at du som lærar bryr deg om dei, skape ein god relasjon med elevane (Myklebust, 2015). Roland (2014) beskriv samanhengen mellom lærar og elev slik: «Dette betyr at jo dårligere relasjonene, effektiviteten og normene var, desto mer plaget elevene andre elever innenfor og utenfor egen klasse» (s. 67). Dårlig relasjon og klasseleing frå læraren fører til større risiko for at elevane blir mobbarar.

2.3 Handtering av indirekte mobbing

Alberti-Espenes

Alberti-Espenes meiner det er dei ansatte på skulen sitt ansvar å hindre mobbing.

«Å bli slått, truet, diskriminert, plaget eller bestjålet èn gang er en krenkelse. Når det skjer flere ganger, er det *gjentatt* krenkelse, og da har rektor og lærerne ikke fulgt godt nok med, de har ikke lyttet eller sett hva som foregår. De har ikke grepet inn etter den første krenkelsen» (Alberti-Espenes, 2012, s. 66).

Han beskriv krenking som enkelthendingar, og mobbing som fleire krenkelsar. Mobbinga oppstår på grunn av at lærarane og rektor ikkje handterte den første krenkinga (Alberti-Espenes, 2012).

Innblikk

Ein anerkjent forskar innanfor feltet skjult mobbing er Tove Flack. Ho har utvikla metoden *Innblikk*, som skal vere eit verktøy som skal bidra til å avdekke og førebygge den skjulte mobbinga (Moen, 2015). Framgangsmåten til Flack er delt inn i to hovudområder, observasjon av samspelet og samtale om samspelet. Desse metodane er sterkast når dei brukast i lag. Observasjon av samspelet handlar om at lærarane skal observere kommunikasjonen mellom elevane dagleg, få med seg både den positive og den negative kommunikasjonen. Dette inkluderar både det som blir uttrykt verbalt, og det nonverbale som kroppshaldning, bevegelse, berøring, stemme og ansiktsuttrykk. Lærarane må følgje med på eleven og eller elevane på alle arenaer på skulen, til dømes i klasserommet, i gangen, og i friminutta. Intensjonen med observasjon er at ein enten kan bekrefte eller avkrefte mobbinga (Flack, 2010).

Flack (2010) hevdar at for å avdekke den skjulte mobbinga må ein ta tak i gruppedynamikken. Samtalen om samspelet er ein samtale som føregår mellom lærar og dei involverte elevane,

eventuelt heile klassa. Der læraren pratar med ein om gangen. Samtalen bygger på eit skreddarsydd skjema med spørsmål som læraren skal ha laga på forhand. Spørsmåla handlar blant anna om kommunikasjonen elevane i mellom, døme på utfrysing, og elevar som driv med det. Å utvikle eit overblikk over dei sosiale relasjonane i klassa, er ein sentral del av samtalen. Dette gjennomførast med sosiometri. Moen (2015) og Myklubust (2015) visar og til sosiometriske undersøkingar for å avdekke mobbing. Moen (2015) viser til at undersøkinga kan gjennomførast på fleire måtar, men essensen er å tegne eit kart over svara på kvart av spørsmåla. Døme på spørsmål kan vere «Kven likar du best å samarbeide med?» eller «Kven er dine tre beste vener i klassa?». Resultata frå undersøkinga kan og gi ein antydning på kven som er leiaren i gruppa. Moen (2015) og Myklubust (2015) påpeikar vidare at det er viktig å huske på at sosiogrammet ikkje gir ein gjenspegling av verkelegheita.

Utdanningsdirektoratet vektlegger og viktigheten av at lærarane tar fatt i gruppedynamikken i klasse. I ein artikkel om skolemiljøtiltak står det : «For å bygge et godt miljø og stoppe krenkelsar, må de ansatte på skolen sette seg inn i klassens sosiale dynamikker eller klassens «indre liv» (Utdanningsdirektoratet, 2019b). Gruppedynamikken spelar ein sentral rolle i den generelle trivselen til elevane. Ulikheita mellom gruppene kan bli forsterka, dersom det blir ein «vi mot dei»-dynamikk. Nokre elevar tykkjer det er viktig å skilje seg ut frå mengda. Ein måte å gjere dette på er gjennom nedsettande oppførsel (Utdanningsdirektoratet, 2019b).

Ansvarleg for mobbinga

I ein artikkel frå Utdanning beskriv lærer Margun Lødemel (2012) problematikken rundt jenter og mobbing. Ho meiner at skjult mobbinga er vanskeleg å fange opp, difor burde ein vere ekstra bevisst på det. Ein feiloppfatning som ofte oppstår i ein mobbesituasjon, er at i mange tilfeller føler mobbeofferet at ein sjølv er ansvarleg for at ein blir mobba. Dette er og ein typisk oppfatning blant lærarane. Dersom ein elev blir utestengt av dei andre elevane, med at fleire og fleire trekk seg unna eleven, oppfattar lærarane ofte det som at det er noko spesielt med eleven som blir mobba. Ein slik oppfatning sit og mobbeofferet igjen med.

Blinde flekker

I ein rapport som utdanningsdirektoratet publiserte i 2015 viser dei til indirekte mobbing som blinde flekker.

«Blinde flekker» refererer til utfordringer, krenkelser og andre former for negativ samhandling mellom elever som skoler oppfatter at de ikke har ansvar for- eller som går under lærerens radar-enten ved at de ikke ser dem, eller ved at de ikke oppfatter dem som problematiske» (Eriksen & Lyng, 2015, s. 109).

Rapporten meiner det er to årsaker til at lærarane ikkje legg merke til den indirekte mobbinga, og det oppstår blinde flekker. Den første årsaken er lærarane fråskriv seg ansvaret av mobbesituasjonar. Døme på dette kan vere når det er to jenter som krangler og seier like mykje slemme ting til kvarandre. Det er ikkje ein maktforskjell, det er to partar som er like sterke. Den eine eleven blir påverka av situasjonen, og tykkjer det er ubehageleg, mens den andre eleven ikkje får nokon plager av situasjonen. Skulen konkluderar med at det ikkje er mobbing, men ein konflikt sidan plaginga føregår på same nivå, blinde flekker oppstår (Eriksen & Lyng, 2015).

Den andre årsaken til at blinde flekker oppstår er at lærarane ikkje oppfattar mobbinga, eller at dei undervurderar seriositeten av mobbinga. Til dømes tar lærarane det ofte som ein sjølvfølgje at det er «jentedrama» i ein klasse (Eriksen & Lyng, 2015). Lærarane som blei intervjuja i rapporten nemner ulike krenkelsar som er typisk for «jentedrama»: «baksnakking, ryktespreiing og utestenging/utfrysing» (Eriksen & Lyng, 2015, s. 113). Drama kan og oppstå blant gutane, men ofte reknar lærarane med at gutane ordnar opp seg i mellom. Ofte oppfattar lærarane situasjonar som mindre dramatisk enn realiteten, «gutta berre køddar», som igjen bidrar til å konstruere blinde flekker (Eriksen & Lyng, 2015).

3. Metode

Metode er det reiskapet ein brukar for å samle inn data, og analysere desse. I metodelære prøver ein å finne ut om hypotesane ein har om eit prosjekt stemmer med verkelegheita (Christoffersen & Johannessen, 2012). Det finnes ulike angrepsmåtar for å samle inn og analysere data. I samfunnsforskinga pleier ein å skilje mellom to typar av metodar, dette er kvantitative og kvalitative metodar (Nyeng, 2012).

3.1 Val av metode

Eg har valt å bruke den kvalitative metoden for å undersøke problemstillinga mi.

Christoffersen & Johannessen (2012) påpeikar at den kvalitative metoden gjer at ein får meir detaljerte svar, som gjer at ein kan gå enda meir i djupna av undersøkinga. Årsaken til at eg

har valt vekk den kvantitative metoden er at det ikkje er hensiktsmessig å finne talstørrelsar til problemstillinga mi. For å belyse problemstillinga vil eg prøve å tolke korleis skulen handterer indirekte mobbing gjennom kvalitative intervju.

3.2 Utval

Eg har valt å undersøke korleis indirekte mobbing blir handtert på ein skule. Skulen eg studerte har eg kjennskap til frå før av, gjennom praksis. Skulen er ein middels stor skule. Val av informantar blei utført gjennom strategisk utveljing, ved bruk av snøballmetoden.

Christoffersen & Johannessen (2012) beskriv snøballmetoden ved at forskaren forhøyrer seg med personar som har mykje kunnskap på feltet som skal undersøkast, og vidare anbefaler personar som kan vere passande i undersøkinga. Eg valte å begynne strategiske med å spørje rektor kven ho meinte ville vere representative informantar for undersøkinga min, som vidare anbefalte ein lærar som skulle hjelpe meg å velje informantar. Resultatet blei at eg intervjuar tre lærarar som underviste dei same elevane, spesialrådgivaren og rektoren på skulen. Ved å intervjuje ulike ansatte på skulen fekk eg eit bredt perspektiv på skulens versemnd. Vidare i oppgåva refererer eg til Lærar 1 som L1, Lærar 2 som L2, Lærar 3 som L3, Spesialrådgivar som S og Rektor som R.

3.3 Kvalitative intervjuer

Innsamlingsmetoden eg vil bruke er kvalitative intervjuer. Christoffersen & Johannessen (2012) viser til at denne intervjuforma er fleksibel. Spørsmåla kan tilpassast til den enkelte deltakar, og deltakarane har friheit til å uttrykke seg slik dei vil. Fokusområdet ligg på deltakarane sine erfaringar og oppfatningar. Eg vil ta i bruk eit semistrukturerte intervju. «Et semistrukturert intervju har en overordnet intervjuguide som utgangspunkt for intervjuet, mens spørsmål, temaer og rekkefølge kan variere» (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 79). Ved bruk av semistrukturert intervju trenger ikkje spørsmåla og temaa komme i kronologisk rekkefølge (Christoffersen & Johannessen, 2012). Denne intervjuforma eignar seg godt til mitt prosjekt, sidan eg skal intervjuje ulike personar med ulike stillingar i ein skule. Då kan eg tilpasse spørsmål meir etter den enkelte si stilling i skulen. Ulempa med semistrukturert intervju er at analysearbeidet kan bli meir krevande, og det er vanskelegare å samanlikne svara. Intervjua fann stad på arbeidsplassen til informantane. Intervjumalen blei justert litt etter første intervju for å få ei betre innsikt i undersøkinga min.

3.4 Analyse av intervjumateriale

Koding og kategorisering er sentrale verktøy i prosessen med å analysere det kvalitative datamaterialet. Dei bidreg til å finne mønster i datamaterialet, og gjer det lettare å samanlikne datamaterialet. Eg har forsøkt å analysere datamaterialet mitt på same måte som Nilssen (2012) demonstrerer. Ved å starte med ein open koding, som er inspirert av forskingsmetoden «grounded theory». I starten hadde eg ikkje noko mal for korleis eg skulle kode og systematisere. Men etter å ha lest gjennom intervju teikna det seg eit mønster. Eg byrja med å lage kodar ut i frå ulike tema. Kvar tema fekk kvar sin farge med markeringstusj. Det same gjorde utsagn og omgrep som eg meinte var spesielt relevant for oppgåva. Undervegs i prosessen skapte eg mønster ved å samle utsegn som var like. Denne prosessen gjentok eg fleire gonger, og fann ulike metodar for å organisere datamaterialet mitt. Eg bestemte meg for å dele opp i tre hovudkategoriar som eg håpar gir ein oversiktleg framstilling av funna mine. Første kategori er korleis blir indirekte mobbing *omtalt* i skulen. Andre kategori er korleis system skulen har for å *førebygge* den indirekte mobbinga. Tredje og siste kategori er korleis informantane *handterer* den indirekte mobbinga.

3.5 Etikk

Ein viktig del av samfunnsforskninga er å ta etiske vurderingar. Christoffersen og Johannessen (2012) deler opp i tre former for etiske vurderingar forskaren må tenkje gjennom «(1) informantens rett til selvbestemmelse og autonomi, (2) forskerens plikt til å respektere informantens privatliv og (3) forskerens ansvar for å unngå skade» (s. 41). I forskinga mi har eg lagt til rette for å oppretthalde desse krava under heile undersøkelen. (1) Informantane fekk eit samtykkeskjema før intervju, som dei kunne velje å signere under på (sjå vedlegg 1). Informantane deltok frivillig, og blei informert om at dei kunne trekke seg når som helst, dersom det er ønskeleg. (2) Personopplysningane har eg behandla konfidensielt. Namn og skule er anonymisert. Det er ikkje mogleg å identifisere informantane. (3) I forkant av intervju, under intervju og arbeidet i etterkant av intervju har eg vore nøye på å skilje mellom personlege meingar og ikkje misbrukt forskarrolla mi.

3.6 Validitet og reliabilitet

Underøkinga sin troverdighet er avhengig av to viktige faktorar. Den første faktoren er validitet. «I kvantitative studier kan vi forenklet si at *validitet handler om at vi måler det vi faktisk skal måle*» (Larsen, 2017, s. 45). Det vil si at informasjonen som blir samla inn er

relevant for oppgåva (Larsen, 2017). For å sørge for at oppgåva gir høg validitet, var eg bevisst på korleis eg utforma spørsmåla mine. Formuleringa i spørsmåla er nøye tenkt gjennom, både i forhold til omgrep og tema, som bidreg med å sikre validitet. Med tanke på at eg berre har undersøkt på ein skule i landet, og ikkje intervjuar fleire skular og informantar er det vanskeleg å generalisere. Undersøkinga er basert på drøftingar rundt datainnsamlinga mi og aktuell teori (Larsen, 2017). Under intervjuar kom det fram at intervjuobjekta ikkje kjende til indirekte mobbing. At eg måtte forklare omgrepet kan vere med å svekke validiteten i undersøkinga mi. Likevel har eg tatt med intervjuar i analysen, fordi eg vil gjere ei drøfting av det.

Den andre faktoren som bidreg til truverdet er reliabilitet. Dette omhandlar truverde, korleis data blir samla inn. (Larsen, 2017). Christoffersen & Johannessen (2012) forklarar nærmare kva reliabilitet handlar om «hvilke data som brukes, den måten de samles inn på, og hvordan de bearbeides» (s. 23). Dataen som blei samla inn, noterte eg undervegs på pc-en. Det er ingen garanti for eg fekk notert ned all informasjonen. Dette kan vere med på å svekke truverda i oppgåva mi. For å minimere denne svakheita, reinskreiv eg dataen direkte etter at intervjuar var ferdige. Dersom det var noko eg var usikker på i intervjuar gjentok eg spørsmåla, og fekk dei til å utdjupe nokre utsagn. Dette er med på å styrke reliabiliteten i oppgåva mi.

4. Analyse og drøfting

I dette kapitlet vil eg først analysere datamaterialet eg har samla inn, og deretter drøfte teorien min opp mot funna i analysen. Analysen og drøftinga er delt i tre kategoriar. Første kategori vil eg undersøke korleis skulen omtaler indirekte mobbing i skulen. Andre kategori vil eg sjå på korleis system skulen brukar for å førebygge denne forma for mobbing. Tredje og siste kategori vil eg undersøke korleis skulen handterer indirekte mobbing. Kategoriane eg har analysert og intervjuar fell saman med kapittelinnendinga. Funna mine i analysen blir presentert gjennom direkte sitat frå informantane, og forklaringar rundt dei ulike spørsmåla. I drøftinga vil eg vise til kva som er likt og kva som er ulikt mellom datamaterialet mitt og kva teorien påpeikar. Dette er hensiktsmessig for å svare på problemstillinga mi: *Korleis handterer ein norsk skule indirekte mobbing?*

4.1 Korleis blir indirekte mobbing omtalt i skulen

Kunnskap om mobbing og mobbetypar bør vere til stades i dagens skule. I dette kapittelet vil eg starte med å presentere korleis informantane mine omtalar indirekte mobbing. Kva oppfatning informantane har om indirekte mobbing, er med på avgjere korleis dei handterer indirekte mobbing. Etter det vil eg samanlikne datamaterialet til informantane med teorien om indirekte mobbing.

4.1.1 Analyse

Mobbing

På spørsmålet om kva mobbing er, gav informantane synonymar for mobbing som «krenke, trampe på, trykke ned og plage andre». Dei gav og fleire ulike dømer på kva mobbing kan vere. Informant R sine forklaring på mobbing: «Tenker at det er verbal, digital, fysisk, psykisk plaging som et anna menneske utsettast for». «alt frå utfrysing til å henge ut, kommentarar, bilder på nett, den fysiske biten som å slå, knuffe, stoppe nokon fysisk. Kan og være blikk». Alle bortsett frå informant L1 beskriv mobbing som gjentatte hendelser. L3 seier: «fysisk eller psykisk plaging som har pågått over tid. Berre informant R nemner at maktforholdet er skeivt, mellom mobbaren og mobbeofferet. Kva som er mobbing og ikkje, er avhengig av den subjektive opplevinga av situasjonen. L2 uttrykker: «Mobbing definerast av den som er mobbeofferet».

Indirekte mobbing

Omgrepet indirekte mobbing hadde informantane variande oppfatning av. R sin tilbakemelding om omgrepet indirekte mobbing: «*Syns det er et vanskelig ord, indirekte mobbing. Hva betyr det?*». På spørsmålet om skulen skil mellom direkte og indirekte mobbing seier L2 «Skulen skiller ikke mellom ulike typer mobbing. Fordi håndteringa er lik for alle mobbeformer.» I intervjusituasjonen måtte eg forklare omgrepet til nokre av informantane. Likevel kom det fram at informantane hadde meir innsikt i kva omgrepet romma enn dei først gav uttrykk for.

S, L2 og L3 forklarar indirekte mobbing som den meir skjulte forma for mobbing. L3 utdjuer dette «Indirekte mobbing er mobbing som foregår som læraren ikke har oppfattet, men andre vet skjer.» Informantane gir desse døma på indirekte mobbing: «bakmann på nett, digitale medier, utfrysing i jentegjeng, hersketeknikk, utestenging, ekskludering og blikk».

Alle informantane seier digitale medier er ein ny stad for mobbing og at dette har fått større omfang. L3 utdjupar dette problemet «Mobbingen har forandret seg med at den er mer skjult enn før, spesielt på grunn av digitale medier. Vanskeligere å fange opp, og vanskeligere å finne ut hvem. Mobberen får ikke se reaksjonen til mobbeofferet, da opplever mobberen mindre skyld.».

Informant S og L2 meiner at det er i hovudsak jenter som driv med indirekte mobbing. S seier «Gutta er mer direkte, jentene er meir skjult». L2 viser til døme: «Eksempler blant jenter kan være utestenging, ikkje inkludering».

4.1.2 Drøfting

I analysen kom det fram at informantane har mange døme på den generelle forma for mobbing. Indirekte mobbing var derimot vanskelegare å beskrive for informantane. I dette kapitlet vil eg drøfte korleis informantane omtaler mobbing og indirekte mobbing opp mot teoriane i kapittel 2.

Mobbing

Alle informantane hadde god innsikt på kva mobbing er. Døma dei gav på mobbing er i samsvar med Roland (2014) sin definisjon på mobbing. Roland (2014) uttrykker at mobbing er «negative handlinger fra en eller flere mot mobbeofferet» (s. 24). Fire av dei fem informantane uttalte seg at dersom ein situasjonen skal bli definerast som mobbing, så må plaginga ha pågått over tid. Det er og ein av dei karakteristiske punktane Roland (2014) trekker fram: «systematikken i adferden» (s. 24). Vidare seier alle informantane at det er den subjektive opplevinga som er med på å avgjere kva som er mobbing og ikkje. Mobbeofferet bestemmer. Det siste punktet i Roland (2014) sin definisjon på mobbing er at maktforholdet er skeivt. Det er berre informant R som uttrykker det i intervjuet. Kanskje ikkje dei andre informantane ser på det som relevant for å beskrive mobbing.

Indirekte mobbing

Skulen skil ikkje mellom direkte mobbing og indirekte mobbing. Dette kan vere ein indikasjon på at informatane kan mangle kompetanse på feltet og har varierende oppfatning av kva indirekte mobbing er. Forskarar som Moen (2015), Myklebust (2015) og Olweus (2003) meiner det kan vere hensiktsmessig å dele inn mobbing i to kategoriar, direkte og indirekte mobbing.

Tre av fem informantar definerte indirekte mobbing som vanskeleg å fange opp, mobbinga er meir skjult. Ei slik omtale samsvarar med teorien til Moen (2015), Myklebust (2015) og Olweus (2003). Den indirekte mobbinga er laga med den hensikt at det skal vere meir utfordrande å fange den opp (Myklebust, 2015). Funn i analysen viser at informantane gir same døme på indirekte mobbing som Myklebust (2015) gir. Dei samsvarande døma er: «Digitale medier, utfrysning, herseteknikk, ekskludering og blikk». Informant L3 påpeika at digital mobbing er ein av grunnane til at mobbinga har blitt meir skjult, mobbaren opplever mindre skyld. Dette er i samsvar med Samnøen (2014) som beskriv digital mobbing, som mobbing som ikkje treng å foregå ansikt til ansikt.

To av informantane hevda at jenter generelt bruker meir indirekte mobbing enn gutane, og gav døme på det med utestenging. Dette er i samsvar med Myklebust (2015) og analysen til Wendelborg (2019) av elevundersøkinga om mobbing og arbeidsro frå 2018. Elevundersøkinga om mobbing og arbeidsro frå 2018, viste at jenter blir meir utsatt for indirekte mobbepormer som baksnakking og utestenging.

4.1.3 Oppsummering

Analysen viser at skulen er oppdatert på den generelle forma for mobbing. Medan informantane ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om indirekte mobbing. Om dette er berre eit resultat av at teoriane omkring indirekte mobbing ikkje er kjent for skulane er vanskelig å bedømme. Det er og vanskeleg å vite om dette får konsekvensar for mobbearbeidet på skulen, og omfanget av mobbing på skulen. Dette funnet vil eg drøfte nærmare i dei to neste kapitla, og i min sluttkommentar.

4.2 Førebygging av indirekte mobbing

Førebyggjande tiltak mot indirekte mobbing kan vere med på å hindre framtidige mobbesituasjonar. Det finnes eit breidt utval av program og metodar skular kan ta i bruk for å førebygge indirekte mobbing. I dette kapitlet vil eg finne ut korleis tiltak skulen har for å førebygge den indirekte mobbing. Etter det vil eg drøfte om strategiane har støtte i teoriar om førebygging av indirekte mobbing.

4.2.1 Analyse

Handlingsplan

Handlingsplanen til skulen er utarbeida for å støtte opplæringslova sine krav. Den inneheld vidare målsettingar for arbeid med mobbing, og ein oversikt over saksbehandlingar og når det skal gjennomførast. Alle informantane trakk fram at dei hadde innsikt i handlingsplanen. Spesielt viktig for informantane var paragraf 9a, det blei nemt av alle. L1 uttrykker: «I handlingsplanen ligger det klare føringer for hvordan jeg skal håndtere mobbesaker, det liker jeg». Informantene seier vidare at paragrafen har ført til meir ansvar til leiinga. Informant S og R trekker og fram at samarbeid med foreldra er eit viktig punkt i handlingsplanen.

Antimobbeprogram

Skulen deltar ikkje i eit antimobbeprogram, i hovudsak av økonomisk årsaker. Dei har ikkje råd til å kjøpe eit program. Det er blanda meiningar blant lærerane og leiinga om dette. Rektor og spesialrådgivar vil ha det, R uttrykker: «det kunne vært et trygghetsfundament». På den andre sida uttrykker L1 at: «Det kan være forbyggende med antimobbeprogram, men vet ikke om det å kjøpe en vare vil medføre å bli kvitt problemet».

Lærarrolla og sosialt førebyggande arbeid

Sjølv om skulen ikkje har noko eksakt system for å fange opp den indirekte mobbinga så prøver dei å forbygge mobbinga med andre tiltak. På spørsmålet om kva den enkelte informant gjer for å førebygge indirekte mobbing, seier R, «Jeg deltar på elevrådene, der er og mobbing og læringsmiljø et sentralt tema». To av tre lærarar trekk fram at dei arbeider med klassemiljøet gjennom samtaler med elevane og samarbeid med foreldra. L3 utdjupar dette «Går ikke en dag uten å snakke om klassemiljø. Trivselsregler, hvordan vi vil ha det». Elevane er med på å bestemme klassereglar som skal vere gjeldande for heile året. Leiinga seier det er innført ordensregler for oppførsel i skulen, der elevane enten får «god, nokså god eller lite god» i orden og adferd. L2 og L3 uttrykker at dei prøver å førebygge mobbing gjennom god klasseledelse. L2 utdjupar dette «Jeg prøver å være et godt forbilde, jeg bryr meg om alle elevene, se den enkelte elev, sette krav til elevene». Alle tre lærarane vektla viktigheita av gode relasjonar med elevane. L1 uttrykker «Elevene må stole på oss, som lærer må jeg jobbe aktivt for det. Skape en gjensidig respekt mellom elevene og meg». S får ein annan kontakt med elevane, enn det lærarane gjer. Denne relasjonen beskriv S slik «Jeg som spesialrådgiver har et annet perspektiv enn lærerne. Jeg kan bygge en annen relasjon med elevene. Jeg skal ikke bedømme elevene, for eksempel etter hvor bra de gjør de på en matteprøve».

4.2.2 Drøfting

Datamaterialet mitt peikar på at skulen ikkje har nokon spesiell strategi for å avdekke den indirekte mobbinga. Likevel arbeider skulen dagleg med førebygginga av mobbing. I dette kapittelet vil eg omtale dette nærmare og drøfte om den generelle førebygginga av mobbing også vil støtte opp om skulens arbeid med indirekte mobbing.

Handlingsplan

Funn i analysen viser at informantane meiner Opplæringslova § 9 A har ein sentral plass i skulen sin handlingsplan mot mobbing. Dette stemmer overeins med handlingsplanen til skulen. Opplæringslova § 9 A står på første side i handlingsplanen. Handlingsplanen mot mobbing inneheld blant anna klare retningslinjer for korleis ein skal handtere mobbesituasjonar. I analysen kom det fram at informant L1 oppfatta føringane som positivt. Funn i analysen viser vidare at berre to informantar påpeika samarbeid med foreldra. Som kunnskapsgrunnlag i handlingsplanen er det referert til *Mobbingens psykologi* av Erling Roland, Dan Olweus og Terje Ogden *sosial kompetanse og problemadferd i skolen*. Informantane trakk ikkje fram noko om læringsmiljøet og førebygging i handlingsplanen. Dette kan tyde på at handlingsplanen mot mobbing manglar viktige element og kanskje ikkje er så dekkjande som dei gir uttrykk for. Dei omtalar arbeid med læringsmiljø som viktig i samband med førebyggjande arbeid, men har ikkje plass i handlingsplanen.

Antimobbeprogram

Rapport som NOVA har utført på fire antimobbeprogrammer, viser at lærarane tykkjer indirekte mobbing er noko av det mest utfordrande å handtere (Eriksen et al., 2014). Skulane som var med i undersøkingane til NOVA var generelt fornøyd med systema for å handtere utfordringane knyta til indirekte mobbing (Eriksen et al., 2014). Funn frå analysen viser at informantane mine og tykkjer indirekte mobbing er vanskelig å handtere. Vidare viser funn frå analysen at skulen ikkje deltok i eit antimobbeprogram. Kanskje ville dei ha oppdaga meir skjult mobbing og blitt flinkare på å handtere situasjonar, viss dei hadde deltatt i eit antimobbeprogram. På den andre sida uttaler Moen (2015) at ein ikkje treng å delta i eit program for å redusere mobbing, og utvikle eit betre læringsmiljø. Det viktigaste er å ha gode system. System som byggjer på læringsmiljøet til elevane.

Lærarolla og sosialt førebyggjande arbeid

Læringsmiljøet var eit av tre punkt som informantane nemnte under andre tiltak for å førebygge mobbinga i skulen. Dei to andre punkta er klasseledelse og gode relasjonar med elevane. Dei tre førebyggjande tiltaka er i tråd med forskarar som Alberti-Espenes (2012), Moen (2015), Myklebust (2015) og Roland (2014). Elevane på skulen blir vurdert i orden og adferd. Ifølgje Myklebust (2015) har elevane godt av klare reglar. Klassane har eigne reglar som dei forhold seg til i klasserommet, som dei sjølv har vore med å laga. Dette er samsvarande med teorien til Myklebust (2015) som og meiner det er nødvendig å gi elevane medbestemmelse over reglane. Vidare viser funn i analysen at lærarane forsøker å førebygge mobbing med å vere eit førebilete. Dei legg vekt på å sjå, bry seg og setje krav til elevane. Å bry seg, og setje krav til elevane, er to av dei fire kvalitetane som ifølgje Roland (2014) krevjast for å bli ein god klasseleiar. Dei to andre kvalitetane er gjennomføring av undervisninga, og gripe inn i situasjonar (Roland, 2014). Fire av fem informatar påpeikar at relasjonane mellom seg sjølv og elevane kan vere ein faktor som er med på førebygge mobbing.

4.2.3 Oppsummering

Skulen sine tiltak for førebygging av mobbing er ikkje retta mot spesielle mobbformer. Lovverket knytt til mobbing har heller ikkje denne differensieringa. Opplæringslova 9a manglar differensiering mellom direkte mobbing og indirekte mobbing (Opplæringslova, 1998). Det skulen sjølv trekker fram er at dei kunne ønskje dei hadde eit mobbeprogram. Om dette vil resultere i betre førebygging av indirekte mobbing, er vanskelig å vurdere. Skulen har ein handlingsplan, som inkludera oppfølging av 9a og dei har fokus på klasseleing og relasjonsbygging. Det kom og tydelig frå i analysen at informantane vektla læringsmiljø, klasseleing og relasjonar. Difor er det vanskelig å bedømme om skulen si førebygging er tilstrekkeleg. Skulen sine tiltak er ikkje eksplisitt retta mot førebygginga av indirekte mobbing, men den kan likevel bidra til reduksjonar av denne mobbinga. Tiltaka som god klasseleing og gode relasjonar mellom elev og lærar støttast av forskarar som Roland (2014), Moen (2015), Myklebust (2015). Dei meiner det kan bidra til å minke risikoen for at elevane mobbar andre elevar.

4.3 Handtering av indirekte mobbing

Mobbing skapast ved at skulen ikkje handterer den første krenkelsen (Alberti-Espenes, 2012). Slik er det skulen som er ansvarleg for å hindre at mobbing oppstår. Skulane kan bruke ulike verktøy for å handtere den indirekte mobbinga. I dette kapittelet vil eg finne ut korleis skulen

handterer indirekte mobbing, og om dei tar i bruk ein spesiell metode for å handtere mobbesituasjonane. Først vil eg presentere nokre dømer på korleis informantane handterer indirekte mobbing. Etter det vil eg drøfte korleis dei handterer dette opp mot teori.

4.3.1 Analyse

Innblikk

På spørsmålet kva gjer du for å fange opp det som går under radaren? Svare tre av fem informantar trekk fram at dei jamnleg observerer elevane. S uttrykker: «Jeg er til stede. Masse i friminuttene og i gangene. Hører masse og ser masse». L1 uttrykker «Jeg prøver å følge med på hvordan elevene har det, når de er alene og når de er sammen med andre. I klasserommet og i friminuttene». Alle informantane la vekt på at dersom det oppstår ein mobbesituasjon, så er det viktig å prate med dei involverte partane. L3 uttrykker «For å forstå situasjonen, og stoppe mobbingen snakker jeg med mobber og mobbeofferet, hver for seg». Dersom L2 har mistanke om mobbing gjennomføra ho sosiogram. Der ho undersøker kven som vil samarbeide i lag i klassa. «Gir fin kartlegging på de ulike sosiale statusene i klassen».

Ansvarlig for mobbinga

Informant S prøver å følgje opp ekstra gjennom å rettleie dei elevane som treng det. Rettleiinga gjeld enten det er mobbar eller mobbeoffer. S seier vidare om mobbeoffera «Kanskje de bør henge med noen andre, ungdom vil vere med de tøffeste og kuleste. Burde heller være sammen med andre kanskje». S meiner at nokre elever slit med det sosiale «skremmende at en del mangler sosiale ferdigheter».

Blinde flekker

S gav døme på utfordring med den indirekte mobbinga «I niende trinn er det mye intriger mellom jentene. Det er ofte konflikter. Et hierarki for å komme seg lengre opp, landa aldri på hvem som er øverst, det varierer fra uke til uke. Alle jentene sier like mye slemme ting til hverandre. Det er en vanskelig situasjon å håndtere»

L1 fortalte om ein situasjon i friminuttet «To elevar krangler, sier mye stygge ting til hverandre, men når jeg skulle til å avverge situasjonen, så var de bestevenner igjen. I etterkant gjorde jeg ikke noe mer med situasjonen, siden begge sa de ikke var noe. Gutta fikser som regel opp i de selv». På spørsmålet om kor ofte dei tar tak i situasjoner som oppstår svarte alle lærerane at dei tar tak kvar gong dei ser noko.

4.3.2 Drøfting

I analysen kom det fram at skulen ikkje har nokon felles metode for korleis dei ansatte skal handtere indirekte mobbing. I dette kapittelet ser eg på datamaterialet mitt samanlikna med teoriane knytt til *Innblikk*, Lødemel sin beskrivelse av korleis mobbing blir tolka og blinde flekker. Dette gir meg ein oversikt over måten lærarane og leiinga handterer mobbinga. Med dette utgangspunktet ynskjer eg å vurdere korleis den praktiske oppfølginga av mobbearbeidet er.

Innblikk

Innblikk er eit verktøy som er direkte retta mot den skjulte mobbinga (Moen, 2015). Sjølv om skulen eg undersøkte på ikkje brukar dette verktøyet, antyder funn i analysen mi at nokre av metodane informantane tar i bruk for å oppdage og førebygge mobbing har ein del likheit med metodane i *Innblikk*. Ein av desse likheitane er observasjon. Observasjon av samspelet er ein av dei to hovudmetodane til Flack (2010). Informant S uttrykker «Hører masse og ser masse». Dette bidreg med at S kan oppfatte både det verbale og det nonverbale, som kroppsspråk. Vidare påpeikar *Innblikk* at det er viktig å observere på alle elevane sine arenaer. Funn i analysen viser at informantane observerer elevane på arenaer som friminutta, gangane og i klasserommet.

Dersom det oppstår ein mobbesak, uttrykker alle informantane at dei pratar med mobbaren og mobbeofferet, på inividfokus. Den andre hovudmetoden i *Innblikk* er samtale om samspelet. Flack (2010) og Utdanningsdirektoratet (2019b) påpeikar at for å avverge mobbinga må ein få fatt i gruppedynamikken. Flack (2010) meiner det som regel ikkje nok å berre prate med dei involverte partar, ein må prate med fleire for å få eit større overblikk. Læraren skal i tillegg ha avklart spørsmåla i forkant av samtalen. Sosiometriske undersøkingar er ein sentral del av samtalen. Det hjelper til med å gi oversikt over dei sosiale relasjonane i klassa. Berre eine informanten uttrykte at ho tok i bruk sosiogram for å avdekke mobbing.

Ansvarleg for mobbinga

S bidreg med å rettleie nokre elevar som treng hjelp med det sosiale. Funn i analyse antyder at S meiner at ofte må endringa skje hos mobbeofferet. Dette er i samsvar med funna til Lødemel (2012). Mobbeoffera føler at det er eins eigen feil at ein blir mobba. Mange lærarar

oppfattar det på same måte. Elevane trekkjer seg unna den eine eleven, på grunn av at eleven skil seg ut.

Blinde flekker

Funn i analysen antyder at skulen skapar nokre blinde flekker. Eriksen & Lyng (2015) trekk fram at blinde flekker kan oppstå dersom det er ein situasjon der det ikkje er maktforskjell. Dei involverte partar seier like mykje slemme ting til kvarandre, då definerar ofte skulen det som ein konflikt. Informant S fortalde om ein langvarig konflikt i niande trinn, der jentene slenger like mykje med leppa til kvarandre. Informant S beskreiv dette som ein konflikt og ikkje ein mobbesituasjon. Ifølgje Eriksen & Lyng (2015) kan dette resultere i blinde flekker. Kanskje blir nokon av dei involverte elevane meir påverka av situasjonen enn andre, sjølv om det verka som maktforskjellen er lik.

Eit anna døme på der skulen kan ha konstruert blinde flekker er informant L1 sin handtering av ein situasjon som oppstod i friminuttet. Der læraren avverga ein krangel, der to gutter snakke stygt til kvarandre. L1 avslutta med «Gutta fikser som regel opp i de selv». Ifølgje Eriksen & Lyng (2015) gjer ikkje alltid gutane det. Lærarane oppfattar ikkje situasjonen som problematisk, og tar det som sjølvfølgje av gutane fikser opp seg i mellom, dermed har det oppstått ein blind flekk. Å ta tak med ein gang i krenkelsar som oppstår, er med å hindre at blinde flekker oppstår (Eriksen & Lyng, 2015). I analysen uttrykte alle lærarane at dei vanlegvis handterer krenkelsar med ein gong.

4.3.3 Oppsummering

Skulen har fleire måtar å handtere indirekte mobbing på. Analysen peikar på at skulen tek i bruk metodar som har mykje likt med metodane i *Innblikk*. Likevel fokuserer skulen på å handtere mobbing på individnivå, mens metoden til Flack (2010) *Innblikk* og Utdanningsdirektoratet (2019b) vektlegger at ein heller burde fokusere på å få fatt i gruppedynamikken. Det kan framstå som at skulen i undersøkinga ikkje har tilstrekkelig breidde til å handtere indirekte mobbing, mellom anna fordi dei ikkje vektlegg arbeid med gruppedynamikk. Det er min observasjon at det og er positivt at skulen kan bidra til rettleiing av elevar som blir mobba. Likevel kan det vere ein fare ved dette at endringa skal ligge hos mobbeofferet i staden for den ansvarlege, mobbaren. Skulen eg undersøkte på skapar ubevisst nokre blinde flekkar. Dei slit med å skilje konfliktar frå mobbesituasjonar og krenkelsar. Min vurdering er at det då kan stillast spørsmål ved skulen sin oppfølging og handtering av

potensielle mobbesituasjonar. Analysen peikar på at informantane ikkje alltid handterer krenkelsar og mobbesituasjonar umiddelbart, sjølv om dei meiner dei gjer det. I praksis kan dette også vere utfordrande, på den andre sida kan det og vere eit resultat av manglande kunnskap om indirekte mobbing.

5. Avslutning

I denne oppgåva har eg fokusert på handtering av indirekte mobbing i ein skule. Gjennom relevant teori, presentasjon av analyse og drøfting har eg forsøkt å svara på problemstillinga mi: «*Korleis handterer ein norsk skule indirekte mobbing?*». Sidan indirekte mobbing er skjult, og heller ikkje alltid blir fanga opp, er det vanskelig å vite omfanget av den.

Funna mine viser at omgrepet indirekte mobbing ikkje er godt kjent i skulen. Informantane mine tykkjer omgrepet var vanskelig å forstå. Indirekte mobbing var heller ikkje inkludert i skulen sin handlingsplan mot mobbing.

Noko av årsaka til det smale fokusområdet på indirekte mobbing i skulen, kan vere på grunn av at det heller ikkje har stor plass i nasjonalpolitikken. I Opplæringslova § 9a står det heller ingenting om denne forma for mobbing.

Sjølv om skulen ikkje skilje mellom direkte mobbing og indirekte mobbing, og har heller ikkje noko system for å førebyggje eller handtere indirekte mobbing, så er det viktig å påpeika at mykje av det skulen gjer er i samsvar med teori. Som til dømes fokuserte informantane mine på å førebyggje indirekte mobbing gjennom læringsmiljø, klasseleiing og relasjonsbygging på ulike måtar. Alberti-Espenes (2012), Moen (2015), Myklebust (2015) og Roland (2014) støttar opp om desse tre tiltaka. Funna mine viser at informantane mine i liten grad er samkøyrt om korleis dei skal førebygge og handtere indirekte mobbing. Det kan tenkast at eit antimobbeprogram kunne bidrege med å vere ein felles plattform som gjer skulen meir samkjørt i arbeidet mot mobbing. Men det er heller ikkje slik at forskinga på dette punktet er eintydig. Som Moen (2015) påpeikar er det viktigaste å ha gode system.

Mi vurdering er at skulen kan oppnå større effekt i mobbearbeidet ved å også fokusere meir på gruppedynamikken i mobbesituasjonar. Ved å ta tak i gruppedynamikken kan ein førebygge fleire mobbesituasjonar i framtida. Det bidreg til å skape ei felles ramme for korleis

miljø ein vil ha i skulen. Ein av metodane for å fange opp gruppedynamikken er å gjennomføre sosiometriske undersøkelser.

Det kan og drøftast i kva grad aktivitetsplikt og fokus på formelle rutinar har for stor plass i høve arbeidet med læringsmiljø, relasjonar og klasseleiing. Eg trur at meir fokus på indirekte mobbing kanskje er eit minst like viktig bidrag i mobbearbeidet.

Teorien om blinde flekker viser at det er vanskeleg å forstå og handtere mobbesituasjonar. Dette fordi mobbesituasjonane kan vere fleirtydige, og avhengig av individuell situasjon. I tillegg opplevelsen av dei involverte partane i mobbesituasjonen.

Det ville og vore interessant å ta utgangspunkt i eit elevperspektiv på indirekte mobbing. Finne ut korleis elevane omtaler indirekte mobbing, om dei tykkjer skulen handterer indirekte mobbing på ein bra måte. Eit elevperspektiv kunne gitt større innblikk i omfanget av indirekte mobbing på skulen.

6. Litteraturliste

- Alberti-Espenes, J. (2012). *Krenkelse i skolen - mobbingens bakteppe*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forl.
- Eriksen, I. M., Hegna, K., Bakken, A. & Lyng, S. T. (2014). *Felles fokus: En studie av skolemiljøprogrammer i norsk skole* (NOVA Rapport 15/2014). Henta frå https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2014/nova_skolemiljo.pdf
- Eriksen, I. M. & Lyng, S. T. (2015). *Skolers arbeid med elevenes psykososiale miljø: Gode strategier, harde nøtter og blinde flekker* (NOVA Rapport 14/2015). Henta frå <https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/forskningsrapporter/skolers-arbeid-med-elevenes-psykososiale-miljo.pdf>
- Flack, T. (2010). *Innblikk : Et sosial-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing*. Stavanger: Universitetet i Stavanger, Senter for atferdsforskning.
- Høiby, H. & Strømsnes, H. (2002). *Mobbing kan stoppes! : håndbok for skolen*. Bergen: Fagbokforl.
- Kunnskapsdepartementet. (2019). *For budsjettåret 2019-Utgiftskapittel: 220-292 og inntektskapittel: 3200-3292, 5310 og 5617* (Prop. 1 S 2018-2019). Henta frå https://www.regjeringen.no/contentassets/70b764ab133b4703929bdd51d0a51fc2/nn-no/pdfs/prp201820190001_kdddpdfs.pdf
- Larsen, A. K. (2017). *En enklere metode : veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode* (2. utg. utg.). Bergen: Fagbokforl.
- Lødemel, M. (2012, 24. Februar). Den skjulte mobbinga. *Utdanning*. Henta frå <https://www.utdanningsnytt.no/globalassets/filer/pdf-av-utdanning/apen-ikke-passord/2012/utdanning-04-2012.pdf>
- Moen, E. (2015). *Slik stopper vi mobbing : en håndbok* (2. utg.). Oslo: Universitetsforl.
- Moen Holø, R. (2019, 26. april). Ble mobbet- nå må kommunen betale henne 1,2 millioner i erstatning. *NRK*. Henta frå https://www.nrk.no/ho/ringsaker-kommune-ma-betale-1_2-millioner-kroner-i-erstatning-til-mobbeoffer-1.14527576
- Myklebust, K. (2015). *Skjult mobbing i skolen : jenter og de viktige relasjonene*. Oslo: Kommuneforl.
- Nyeng, F. (2012). *Nøkkelbegreper i forskningsmetode og vitenskapsteori*. Bergen: Fagbokforl.

- Olweus, D. (2003). *Mobbing i skolen : hva vi vet og hva vi kan gjøre* (9. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den videregående opplæringa (LOV-1998 07-17-61). Henta frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#KAPITTEL_11
- Roland, E. (2014). *Mobbingens psykologi : hva kan skolen gjøre?* (2 utg.). Oslo: Universitetsforl.
- Samnøen, Ø. (2014). *Mobbing på digitale arenaer*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Utdanningsdirektoratet. (2019a). Elevundersøkelsen. Henta frå <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsmiljoe/elevundersoekelsen/nasjonalt?orgaggr=a&kjonn=a&trinn=10&sammenstilling=1&fordeling=2>
- Utdanningsdirektoratet. (2019b). Skolemiljøtiltak-fellesskap og miljø. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/skolemiljotiltak-fellesskap-og-miljo/#sosiale-dynamikker>
- Wendelborg, C. (2019). *Mobbing og arbeidsro i skolen 2018 : Analyse av Elevundersøkelsen skoleåret 2018/19* (Rapport 2019). Henta frå https://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/rapporter/2019/mobbing-og-arbeidsro-i-skolen-elevundersokelsen-2018_19.pdf

7. Vedlegg

7.1 Vedlegg 1- Samtykkeskjema

Samtykkeskjema

Beskrivelse av prosjektoppgåva

Mitt namn er Helle Bang-Olsen. Eg er student ved NTNU grunnskulelærerutdanning 5-10. Eg skal skrive ei bacheloroppgåve om temaet indirekte mobbing. Eg kjem til å stille spørsmål om kva dine tankar, erfaringar og kunnskap er om mobbing og indirekte mobbing.

Eg brukar ingen former for opptak under intervjuet, men eg kjem til å notere på pc-en undervegs. Når eg er ferdig med prosjektet vil eg slette all datamateriale. Om du vil kan du lese intervjuet når det er reinskrevet, og heile oppgåva når den er sensurert.

Frivillig deltakelse

All deltakelse er frivillig. Du som informant har moglegheit til å avslutte intervjuet når som helst, og du kan trekke deg etter intervjuet utan å måtte begrunne dette nærmare.

Anonymitet

Informasjonen vil bli behandla konfidensielt, og vil ikkje kunne førast tilbake til deg. Namn, skule og by vil bli anonymisert.

Samtykke

Eg har lest og forstått informasjonen over og gir mitt samtykke til å delta i intervjuet:

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

7.2 Vedlegg 2- Intervjugal

Intervjugal

Faktaspørsmål

-Kor lenge har du jobba som lærar/spesialrådgivar/rektor?

-Kva trinn jobbar du på ?

Introduksjonspørsmål

-Kva er tenkjer du når du høyrer omgrepet mobbing?

-Kva tenkjer du når du høyrer omgrepet indirekte mobbing

Overgangsspørsmål

-Fortel om korleis dykk jobbar med mobbing på skulen her (handlingsplan antimobbeprogram, foreldresamarbeid, elevråd, nasjonale kampanjar, andre tiltak)

-Fortel om kva typar mobbing som forgår på skulen?

-Kva er dine erfaring med den skjulte mobbinga? (utfordringar, episodar)

Nøkkelspørsmål

-Kva gjer skulen for å førebygge indirekte mobbing?

-Kva gjer du for å førebygge indirekte mobbing?

-Kan du beskrive nokre episoder med den subtile mobbinga? (korleis utarta situasjonen seg)

-Vart handlingsplanen følgt i dei situasjonane du har jobba med ?

-Mobba av ein person eller fleire?

-Håndtert på individfokus? Eller gruppefokus?

-Kva gjer du når du får kjennskap til indirekte mobbing i (himling, ironi, utestenging,..)

(let det gå, overser, tek det opp etterpå, irettesetter i timen)

-Håndtert på individfokus? Eller gruppefokus?

-Kva gjer du for å fange opp det som går under radaren?

-Merker du forskjell i indirekte mobbing før og nå?

-Kva gjer du når du oppdagar indirekte mobbing i (himling, ironi, utestenging,...)

-Timane?

-Friminuttane?

-Garderober?

undervisingstimen? (let det gå, overser, tek det opp etterpå, irttesetter i timen)

Kompliserte og sensitive spørsmål

-Har du opplevd episodar med indirekte mobbing som har vore vanskeleg å takle

-Har skolen gode nok system for å handtere dette ?

-Opplever du at du har nok kompetanse til å takle skjult mobbing?

Avslutning

-Kva tiltak verkar etter ditt syn?

-Kva seier elevundersøkelsane om mobbing på skulen dokkers?

-Noko du vil leggja til ?

